



Fylkesmannen i Rogaland

ENDELEG TILSYNSRAPPORT

Elevane sin rett til eit trygt og godt skolemiljø

Tysvær kommune – Tysværvåg barne- og
ungdomsskule

Om tilsynet

Frå januar 2018 er det innført eit nytt felles nasjonalt tilsyn på opplæringsområdet. Tilsynet omfattar offentlege og frittståande skolar, og strekk seg over fire år. Tilsyn med elevane sitt skolemiljø er eit av tema som inngår i det nye felles nasjonale tilsynet.

Det overordna målet med tilsynet er å medverke til ei styrking av arbeidet med elevane sitt skolemiljø, og av skolane si evne til å førebygge og handtere krenkande åtferd i skolen. Gjennom å undersøke skolane sin praksis, vil moglege brot på regelverket bli avdekka. Fylkesmannen vil gjennom pålegg krevje at moglege brot på regelverket blir retta.

Eit trygt og godt skolemiljø er ein viktig innsatsfaktor for ein god skole, og for realiseringa av føremålet i opplæringslova § 1-1. Manglar ved skolemiljøet kan føre til vantrivnad hjå elevane, og det vil kunne ha direkte verknad for læringsutbyttet.

Skolemiljøet handlar om mellommenneskelege forhold. Eit godt psykososialt miljø er grunnleggande for at den einskilde elev skal kunne utvikle seg positivt. Skolen er ein av dei mest sentrale arenaer i barn og ungdom sitt liv. Skolen er staden for læring og utvikling, men utan ei grunnleggande kjensle av tryggleik, tilhøyrsløse og inkludering, vil ikkje læringa få det rette fokuset.

Temaet for tilsynet er skolen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skolemiljø, skolen si plikt til å arbeide førebyggjande, og skolen si plikt til å informere og involvere elevar og føresette. Det overordna føremålet med tilsynet er å medverke til at alle elevar har eit trygt og godt skolemiljø som fremmar helse, trivsel og læring.

Tilsynet skal vere med å sikre at skoleeigar og skoleleiarar

- sørger for at tilsette følger med, grip inn, varslar, undersøker og set inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø
- driv eit førebyggjande, kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremme eit trygt og godt skolemiljø.

Innhald

1. Innleiing.....	3
1.1. Kort om kommunen og skolen	3
1.2. Om gjennomføringa av tilsynet	3
1.3. Rektor skal sikre, følge opp og sørge for	4
1.4. Om tilsynsrapporten	5
1.5 Brot på regelverket og varsel om pålegg.....	5
1.6 Status på rapporten og vegen vidare.....	5
2. Skolen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skolemiljø	5
2.1. Plikta til å følge med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.....	6
2.1.1. Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar	6
2.1.2. Våre konklusjonar	13
2.2. Plikta til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom ein som jobbar på skolen, krenker ein eller fleire elevar	14
2.2.1. Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar.....	14
2.2.2. Våre konklusjonar	15
2.3. Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak	16
2.3.1. Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar.....	16
2.3.2. Våre konklusjonar	18
3. Skolen si plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre.....	19
3.1. Plikta til å arbeide førebyggjande, kontinuerleg og systematisk for å fremme eit trygt og godt skolemiljø	19
3.1.1. Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar.....	19
3.1.2. Våre konklusjonar	22
3.2. Plikta til å informere og involvere elevar og foreldre i arbeidet med skolemiljøet	22
3.2.1. Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar.....	22
3.2.2. Våre konklusjonar	25
4. Frist for retting av regelverksbrot.....	26

1. Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30. I tilsyn kontrollerer vi om skolane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Dersom Tysvær kommune/Tysværvåg barne- og ungdomsskule ikkje følger regelverket, kan vi pålegge retting.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen. Kommunen har ansvaret for at skolen rettar opp brot på regelverket.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova.

1.1. Kort om kommunen og skolen

Tysvær kommune er ein kommune med ca. 11.000 innbyggjarar. Skolane i Tysvær har rundt 1670 elevar fordelt på 8 skolar. Tysværvåg barne- og ungdomsskule blei bygd i 1969. Skolen er ein 1-10 skule, og har omtrent 260 elevar og 40 tilsette.

Tilsynet skal vere risikobasert. Fylkesmannen vel derfor ut kommunar og skular til tilsyn på grunnlag av mellom anna tal frå elevundersøkinga over fleire år, meldte saker til Fylkesmannen etter opplæringslova § 9A-6, meldingar frå elevar/føresette og presseoppslag.

1.2. Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Tysvær kommune i brev frå 14.06.2019. De vart pålagt å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Elevane sitt skolemiljø er temaet for tilsynet. Vi har kontrollert følgjande undertema:

1. Skolen si plikt til å følge med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A-4.
2. Skolen si plikt til å arbeide førebyggjande, kontinuerleg og systematisk for å fremme eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-3 og 9 A-8 første ledd.

Det overordna føremålet med tilsynet er å medverke til at alle elevar har rett til et trygt og godt skolemiljø som fremmar helse, trivsel og læring. Gjennom å undersøke skolane sin praksis vil eventuelle brot på regelverket avdekkast. Fylkesmannen vil gjennom pålegg krevje at eventuelle brot på regelverket blir retta.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Når det gjelder metode for tilsyn etter opplæringslova, har Utdanningsdirektoratet utarbeidd eiga handbok¹ som Fylkesmannen skal bruke. Handboka ligg på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir oppfylt, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne tilsynsrapporten.

1.3. Rektor skal sikre, følge opp og sørge for

I fleire av kontrollspørsmåla er det stilt spørsmål om rektor «sikrar», «syter for» og «følger opp». Krava om at rektor skal sikre, følge opp eller sørge for, viser til rektors plikt til å arbeide systematisk slik at krava i lova blir oppfylte.

Rektor skal sikre

At rektor skal sikre at skolen oppfyller eit krav i regelverket, betyr at vi undersøker om rektor har bestemt ein fast framgangsmåte for korleis skolen skal oppfylle kravet. Dette er nødvendig der regelverket gir skolen eit handlingsrom for korleis dei skal oppfylle kravet, slik at skolen sjølv må operasjonalisere korleis den enkelte skal gå fram i kvar enkelt sak. Det er ikkje eit krav at framgangsmåten er skriftleg, men den må vere eigna til å sikre at kravet i lova blir oppfylt i alle saker på den aktuelle skolen. Rektor må i tillegg følge opp at dei som jobbar på skolen bruker framgangsmåten i praksis. Dersom skolen ikkje har hatt saker der det har vore nødvendig å bruke framgangsmåten, undersøker vi om rektor har gjort det som er nødvendig for at framgangsmåten vil bli følgd, når skolen får ei slik sak.

I nokre tilfelle har ikkje skolen eit handlingsrom for korleis han skal oppfylle kravet, fordi framgangsmåten er gitt. At rektor skal følge opp at skolen oppfyller eit krav i regelverket, betyr at rektor må forsikre seg om at den bestemte framgangsmåten blir oppfylt i praksis på skolen. Døme: «Følger rektor opp at skolen gjennomfører tiltak i samsvar med aktivitetsplanen?» Her er det aktivitetsplanen som viser framgangsmåten, men rektor må følge opp at det som står i aktivitetsplanen blir gjennomført.

Rektor skal sørge for

At rektor skal sørge for at eit krav blir oppfylt, betyr at oppgåva er av ein slik art at det ikkje er nødvendig med ein fast framgangsmåte. Dette kan gjelde mindre oppgåver eller aktivitetar. Døme: «Sørger rektor for at skolen vurderer informasjonen om korleis tiltaka har verka, og tilpassar tiltaka basert på vurderinga og elevens syn?» Det kan i tillegg gjelde større oppgåver der det er unaturleg med ein fast framgangsmåte. Døme: «Jobbar rektor for at skolen skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit inkluderande og trygt skolemiljø?»

Ikkje krav

Når kontrollspørsmålet ikkje inneheld krav om at rektor skal «sikre», «følge opp» eller «sørge for», betyr det at vi ikkje vurderer det systematiske arbeidet til rektor, men her vil vi berre vurdere om skolen oppfyller kravet i praksis. Døme: «Dokumenterer skolen kva som blir gjort for å oppfylle plikta til å følge med og gripe inn, varsle og undersøke?»

1.4. Om tilsynsrapporten

Våre vurderingar i denne rapporten bygger i hovudsak på opplysningar som kjem fram i:

- dokumentasjonen de har sendt inn (sjå oversikt i vedlegg)
- eigenvurdering i Reflex²
- informasjon frå våre eigne system og offentlege register
- informasjon på skolen sin nettstad
- intervju med rektor, lærarar, sosialrådgivar, miljøarbeidar og foreldrerepresentantar
- Intervju og skolevandring med elevrepresentantar

Denne rapporten gjeld tilsynet på Tysværvåg barne- og ungdomsskule.

Tilsynsrapporten inneheld informasjon om kva pålegg som er aktuelle å vedta etter at rettefristen etter kommunelova kapittel 30 er ute.

Rapporten er offentleg og vil bli publisert på Fylkesmannen si heimeside.

1.5 Brot på regelverket og varsel om pålegg

Vi varslar kommunen om pålegg som gjeld:

- Skolen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skolemiljø
- Skolen si plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre

1.6 Status på rapporten og vegen vidare

Tysvær kommune fekk tilsendt førebels tilsynsrapport 18. november 2019 og fekk frist til 9. november 2019 med å kommentere rapporten.

Me har ikkje motteke tilbakemelding frå kommunen på den førebelse rapporten.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir følgt, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for tilsynsrapporten.

Karmøy kommune får en frist til å rette regelverksbruddene, jf. kommunelova kapittel 30.

Frist for retting er 1. april 2020.

2. Skolen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skolemiljø

Denne delen omfattar tre deltema

- plikta til å følge med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova §§ 9A-2, 9 A-3 og 9 A-4

- plikta til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom ein som arbeider på skolen krenker ein eller fleire elevar, jf. opplæringslova §§ 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-5
- plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 og 9 A-4

2.1. Plikta til å følge med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

2.1.1. Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar

Alle som jobbar på skolen skal ha kunnskap om at det er elevane si eiga subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skolemiljø

Rettsleg grunnlag

Det er elevane si eiga subjektive oppleving av skolemiljøet som avgjer om elevens rett til eit trygt og godt skolemiljø er oppfylt. For at skolen skal kunne oppfylle aktivitetsplikta, må alle som arbeider på skolen ta utgangspunkt i korleis eleven sjølv opplever at skolemiljøet verkar på eiga helse, trivsel og læring.

Har alle som jobbar på skolen kunnskap om at det er elevens subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skolemiljø?

Våre observasjonar og vurderingar

Alle svarer ja i Reflex på at det er elevens si subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skolemiljø. Vidare blir det vist til at dette er tema på planleggingsdag når rektor går gjennom *Årshjul, Plan for trygt og godt skolemiljø* (heretter omtalt som *Plan*) og presentasjonen om regelverket som skal nyttast på foreldremøta med personalet. Skolen sitt årshjul stadfestar denne rutinen.

Vi vurderer at det er sikra at alle er og blir gjort kjende med at det er elevane si subjektive oppleving som avgjer at det skal settast i gong undersøkingar og eventuelle tiltak i ei skolemiljøsak.

Fylkesmannen si vurdering er at skolen oppfyller kravet i regelverket på dette punktet.

Plikta til å følge med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø

Rettsleg grunnlag

Alle som jobbar på skolen, skal vere merksame på forhold eller oppførsel som kan tyde på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. De skal følge spesielt godt med på sårbare elevar. De må skaffe dykk informasjon frå elevane om korleis dei opplever skolemiljøet. De skal dokumentere korleis de følger med. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skolen veit at de skal følge med, og følge opp at det blir gjort.

Sikrar rektor at alle som jobbar på skolen følger med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og at dei følger spesielt godt med på elevar som kan vere særskilt sårbare?

Våre observasjonar og vurderingar

I *Plan* står det at *alle som arbeider på skolen skal følge med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø*. Det er ikkje omtalt meir kva som ligg i plikta, men det er presisert kven aktivitetsplikta gjeld for; tilsette i SFO, kontorpersonell, reinhaldarar, vaktmeister, assistentar, fag- og miljøarbeidarar, lærarar og skoleadministrasjonen. Rektor stadfestar i intervju at han har eige møte med andre tilsette som ikkje deltek på planleggingsdagen for å informere dei om plikta til å følge med. Vi vurderer at alle er kjende med at dei skal følge med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø.

Denne plikta har krav til at alle som jobbar på skolen skal vere **merksame på forhold eller oppførsel** som kan tyde på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. I våre undersøkingar finn vi at skolen har utarbeidd rutinar for vakt og tilsyn. I dokumentet gis det føringar for korleis vakta skal følge med i friminutta; kvar det er viktig å vere, at ein skal vere aktiv, at det skal vere blick for einskildeleven og spesielt dei som er aleine. Vakta skal gi beskjed til kontaktlærer dersom ein elev ikkje har hatt det greitt i friminuttet eller har vore i ein konflikt. Det er lagt inn i årshjulet at denne rutinen skal lesast av personalet og snakkast om i kollegiet før elevane startar på hausten. I Reflex viser rektor og tilsette til kursrekka dei hadde med Pål Roland, og at dei der fekk kunnskap om kjenneteikn på elevar som ikkje har det trygt og godt. På dette grunnlaget vurderer vi at rektor har ein framgangsmåte for at alle skal vere merksame på forhold eller oppførsel som kan tyde på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Vi får gjennom tilsynet stadfesta at skolen systematisk skaffar seg informasjon om korleis elevane opplever skolemiljøet gjennom Elevundersøkinga, Spekter, Tidleg kartlegging og elev- og utviklingssamtalar. I tillegg har skolen rutine for å kartlegge relasjonen mellom lærar og elev. Vi vurderer at skolen har ein framgangsmåte for å skaffe seg informasjon frå elevane om korleis dei opplever skolemiljøet.

Plikta knytt til dette lovkravet krev også at alle som jobbar på skolen er kjent med kva for forhold som gjer ein elev **særskilt sårbar**. Kva som kan gjere ein elev særskilt sårbar er ikkje omtalt i dokumentasjonen frå skolen, verken i årshjulet eller i *Plan*. I intervjuet får vi heller ikkje eintydige svar på om dette blir jobba med i kollegiet, eller korleis dette blir jobba med. Vi vurderer derfor at rektor ikkje har ein framgangsmåte for å sikre at alle er kjende med kva forhold som gjer ein elev særskilt sårbar.

Skolen har ei skjerpa aktivitetsplikt overfor elevar som er særskilt sårbare. Skolen skal følgje ekstra godt med på desse elevane. I svara i Reflex og intervjuet kjem det fram at det ved oppstart av nytt skoleår blir snakka om einskildelevar på dei ulike laga, og at rektor informerer i møter om elevar det skal følgjast ekstra godt med på. Det blir likevel sagt at elevsaker ikkje er fast tema for møta, og tilsette veit ikkje om det er ei ordning for å sikre slik informasjon. Vi finn heller ikkje i våre undersøkingar at dei tilsette kjenner til at dei skal informera på fellesmøte om elevar som treng å ha eit ekstra auge på seg i friminutta slik det står om i dokumentet Rutine for vakt. Vi er vidare kjende med at skolen har rutinar for overgang barnehage –barneskole og for overgang barneskole til ungdomsskole. I rutinane les vi at det skal gis informasjon mellom institusjonane. Vi finn likevel ikkje føringar for kva det skal informerast om. Vi vurderer på dette grunnlaget at

skolen i praksis deler ein del informasjon om elevar som treng å følgjast med på, men finn ikkje at skolen har ein framgangsmåte for å sikre at det blir gjort.

I Reflex og i intervjua blir det vist til at skolen har eit team som jobbar for trygt psykososialt miljø. Arbeidet er i oppstartsfasen, og vi har ikkje sett rutinar eller retningslinjer for arbeidet i dette teamet. Vi vurderer likevel at dette kan bli ein del av ein framgangsmåte som sikrar at særskilt sårbare elevar blir identifiserte og følgt ekstra godt med på.

Fylkesmannens vurdering er at skolen ikkje har ein framgangsmåte for å gjere alle som jobbar på skolen kjende med kva forhold rundt ein elev som kan gjere han særskilt sårbar. Vi vurderer også at skolen ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at alle følger spesielt godt med på korleis dei sårbare elevane har det på skolen.

Fylkesmannens vurdering er at skolen ikkje oppfyller alle krava i regelverket til dette punktet.

Plikta til å gripe inn mot krenkingar dersom det er mogleg

Rettsleg grunnlag

Plikta til å gripe inn handlar om straks å stanse negativ oppførsel, for eksempel ved å bryte opp ein slåsskamp eller stanse ein utfrysingssituasjon. Alle som jobbar på skolen, skal ha nulltoleranse mot krenkingar som for eksempel utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. De skal dokumentere korleis de grip inn. Rektor skal sørge for at alle som jobbar på skolen grip inn mot krenkingar.

Sørgjer rektor for at alle som jobbar på skolen, grip inn mot krenkingar som til dømes utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering, dersom det er mogleg?

Våre observasjonar og vurderingar

I *Plan*, del 2, står det at det skal gripast inn mot mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Under "Føremålet med planen" står det at *skolen skal vere kjenneteikna av nulltoleranse for krenking, mobbing, trakassering og diskriminering*. Det er ikkje nærare omtalt i planen korleis det skal gripast inn. Planen nemner ikkje krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking eller korleis dei tilsette skal gripe inn overfor dette.

Rutinen for vakt og tilsyn har derimot føringar for å gripe inn. Her står det at *Når me ser eller høyrer noko som kan bygge opp til ein konflikt, sjekkar me det ut med ein gong og hjelper elevane til å løyse situasjonen og Har ein konflikt oppstått grip me inn med ein gong og stoppar konflikten*. Overfor elevar som er aleine, skal vakt prøve å kople dei mot andre. Vidare ligg det føringar for å handheva reglar og retningslinjer likt i form av å vere kjende med ordensreglementet.

I Reflex svarer også alle ja på spørsmålet, og det blir her også vist til Konsekvenstrappa. I denne står det at *primært skal alle voksne ordne opp selv og informere kontaktlærere. Alle ansatte skal tilstrebe en autoritativ tilnærming og kjenne til hva vi legger i det. Kontaktlærer tar kontakt med hjemmet når det er nødvendig og orienterer ledelsen ved alvorlige hendelser*.

Vi finn at skolen har retningslinjer for å gripe inn.

Det kjem fram i intervjuet at tilsette grip inn når det oppstår situasjonar, og at dei stansar negativ åtferd. Det kjem også fram at tematikken blir jobba med i kollegiet på fellestida på skolen. Tilsette meiner at kollegiet har lik praksis for å gripe inn. Vidare kjem det fram at rektor er tett på dei tilsette og elevane, og at han slik følger opp at alle grip inn mot krenkingar.

Vi konkluderer med at rektor sørger for at alle som jobbar på skolen grip inn mot krenkingar.

Fylkesmannens vurdering er at skolen oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

Plikta til å varsle rektor

Rettsleg grunnlag

Plikta til å varsle rektor gjeld all mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Tilsvarande gjeld tilfelle der ein elev seier frå om at han eller ho ikkje opplever skolemiljøet som trygt og godt.

Å ha ein mistanke vil seie å ha ei kjensle av eller tanke om at eleven ikkje har det trygt og godt på skolen. Saka avgjer kor raskt rektor må få varsel.

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skolen veit at de skal varsle, og følge opp at det blir gjort. De skal dokumentere det de gjer for å varsle.

Sikrar rektor at alle som jobbar på skolen varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø?

Sikrar rektor at alle som jobbar på skolen, varslar rektor så raskt som saka tilseier?

Våre observasjonar og vurderingar

Framgangsmåten skolen har for varsling må sikre at alle som jobbar på skolen varslar. I svarta i Reflex og intervjuet får vi opplyst at dei tilsette er kjende med at rektor skal varslast når ein elev ikkje har det trygt og godt. Intervjuet stadfestar at dei tilsette er kjende med at skolen har eit varslings skjema, og at dette skjemaet blir brukt. Rektor fortel at han rutinemessig informerer alle tilsette om plikta til å varsle i samband med planleggingsdagane ved oppstart av nytt skoleår.

Framgangsmåten skal sikre at dei som jobbar på skolen veit, avhengig av saka, kor raskt det skal varslast om saker til rektor og kva saker det skal varslast om straks. I *Plan* er plikta omtalt i tråd med regelverket, men han omtaler ikkje kva som ligg i omgrepet *mistanke om*. Vi vurderer at det dermed ikkje er satt ein terskel for å varsle. I skolen sitt varslings skjema finn vi formuleringa: *Dersom mistanken krev ein aktivitetsplan, skal du omgåande ta kontakt med rektor*. Kravet i varslingsplikta er at ein skal varsle når ein har *mistanke* eller *kjennskap* til at ein elev ikkje har det trygt og godt. Dermed blir dette ein for høg terskel for å varsle. Tidsaspektet blir ikkje vidare omtalt i desse dokumenta. I intervjuet kjem det fram at tilsette både har ulik forståing for kva som skal liggje til grunn for når det skal varslast, og for kor raskt det skal varslast.

Vi vurderer at rektor ikkje har sikra at dei tilsette varslar rektor dersom dei får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Vi vurderer også at rektor ikkje har sikra at varslinga skjer straks eller så raskt som saka tilseier.

Fylkesmannens vurdering er derfor at skolen ikkje oppfyller regelverket sine krav på desse punkta.

Varslar rektor skoleeigar om alvorlege tilfelle, inkludert tilfelle der skolen ikkje har klart å løyse ei sak?

Rettsleg grunnlag

Rektor skal varsle skoleeigaren om alvorlege tilfelle. Dette kan gjelde saker der krenkingane er særleg valdelege eller integritetskrenkjande, eller der skolen over noko tid ikkje har klart å løyse ei sak. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skolen veit at de skal varsle, og følge opp at det blir gjort.

Våre observasjonar og vurderingar

Rektor svarer ja på at han varslar skoleeigar om alvorlege tilfelle.

Fylkesmannens vurdering er at skolen oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

Plikta til å undersøke alle saker

Rettsleg grunnlag

Så snart de får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal de undersøke saka nærare.

Alle elevar som er involvert i saka, har rett til å uttale seg. De skal legge til rette for og ufarleggjere samtalen. Elevane kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

Undersøkingane skal få fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for eleven si oppleving og kva i eleven sine omgivnader som påverkar korleis eleven opplever skolemiljøet. De må innhente nok informasjon til å avdekke kva som har skjedd, og om éin eller fleire elevar opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt. De skal dokumentere korleis de undersøker saka. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skolen veit at de skal undersøke, og følge opp at det blir gjort.

Sikrar rektor at skolen undersøker saka når rektor får varsel frå ein tilsett ved skolen, eller ein elev seier frå om at skolemiljøet ikkje er trygt og godt?

Våre observasjonar og vurderingar

I *Plan* er plikta omtalt, og det kjem fram i intervju at tilsette er gjort kjende med at skolen skal undersøke ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

I plikta til å undersøke er det i tillegg krav om at alle involverte elevar skal få uttale seg. I skolen sitt varslingsskjema føreligg det føringar for at eleven saka gjeld skal få uttale seg. Intervjua med tilsette stadfestar at dei alltid høyrer eleven som ikkje har det trygt og godt. Tilsette svarar i *Reflex* og i intervjua at også andre involverte elevar blir høyrde. Vi finn derimot ikkje at dette er omtalt eller lagt føringar for i verken *Plan*, eller anna dokument. Vi vurderer på dette grunnlaget at skolen ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at alle involverte elevar får uttale seg i alle tilfella.

Undersøkingane skal også vere tilstrekkeleg grundige. Dette krev breidde og variasjon i undersøkingane for å kunne belyse eleven si subjektive oppleving, fakta om situasjonen og faktorar i skole- og klasse miljøet som kan føre til at eleven ikkje har det trygt og godt. I kapittel 4 i *Plan* blir ulike verktøy for å undersøka omtalt: Elevundersøkinga, Spekter, sosiogram, spørjeskjema, Innblikk og Dembra. Verktøya som er omtalt her er av fagmiljø vurdert eigna i undersøkingar. I intervju med tilsette kjem det likevel fram at undersøkingane i praksis stort sett blir gjort ved samtalar med elevar og føresette i saka, og at dei ikkje kjenner til ein framgangsmåte for arbeidet. I vedlagde sakspapir knytt til aktivitetsplanar, finn vi heller ikkje at skolen i særleg grad nyttar andre metodar.

I intervjuet med rektor kjem det fram at det er eit mål at kontaktlærarane i større grad skal ta ansvar for undersøkingane og sakene sjølv. Dette stiller ekstra krav til ein innarbeida framgangsmåte. Ein framgangsmåte som eksempelvis seier noko om korleis dei skal gå fram for å undersøke, kor dei kan få hjelp og støtte, samt kriterium for kva det vil seie å undersøke tilstrekkeleg grundig. Vidare må rektor følge opp at framgangsmåten blir følgt i praksis. I intervju med tilsette kjem det fram at dei i varierende grad kjenner til ulike måtar å undersøke på. Rektor må og sørge for å dekke eit eventuelt kompetansebehov hos dei tilsette.

I samtale med føresette og elevar kjem det fram at dei ikkje er sikre på at skolen veit korleis elevane har det. Dei seier òg at dei ser ein tendens til at forhold kan betre seg ei kort stund etter at dei har meldt frå om eit forhold, men at utfordringane ofte kjem tilbake.

Vi vurderer også om skolen dokumenterer kva som blir gjort for å undersøke i kvar einskild sak. I *Plan* heiter det at *skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd. Dokumentasjonen skal ligge i eleven si elektroniske mappe*. I innsendte skolemiljø saker som også inneheld sakspapir knytt til sakshandsaminga, finn vi referat frå møte og samtalar. Vi vurderer ut frå dette at skolen dokumenterer det som blir gjort for å undersøke ei sak.

Vår konklusjon er at rektor ikkje har ein framgangsmåte som er kjent for dei tilsette eller som gir tydelege nok føringar til å sikre at ei sak blir tilstrekkeleg grundig undersøkt. Vår vurdering er òg at skolen ikkje har ein framgangsmåte for at alle involverte elevar får uttale seg.

Fylkesmannens vurdering er at skolen ikkje oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

Sikrar rektor at skolen undersøker saka snarast?

Våre observasjonar og vurderingar

I *Plan* blir tidsperspektivet i undersøkinga omtalt slik: *Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøke saka*. Svaret i Reflex og i intervju stadfestar at dei er kjende med at det skal gjerast undersøkingar med ein gong. Årshjulet viser at rektor har rutine for å informere alle som jobbar på skolen om plikta. Vi vurderer at rektor har sikra at skolen undersøker saka snarast.

Fylkesmannens vurdering er at skolen oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

Eleven skal få uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen

Sikrar rektor at eleven får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen?

Våre observasjonar og vurderingar

I *Plan* s.8 i avsnittet om tiltak, heiter det at alle involverte elevar skal bli høyrde, og elevane sitt beste skal vere grunnleggande. I skolen sin mal for aktivitetsplan er det eit eige punkt som sikrar at elevar blir høyrde i ei sak. Det er ikkje spesifikt nemnt nokon stad at eleven skal få høve til å uttale seg om innhaldet i aktivitetsplanen, altså tiltaka. I intervju og Reflex legg tilsette vekt på at elevmedverknad er viktig i utforminga av aktivitetsplanen, mellom anna at eleven skal få uttale seg om tiltaka. Rektor er og med på møta med elev og føresette. På grunnlag av intervju og dokumentasjon er inntrykket at eleven i praksis kjem til orde i saka og får fortelje sin versjon. Fylkesmannen meiner likevel at skulen sin fastsette framgangsmåte ikkje sikrar at eleven får uttale seg særskilt om tiltaka i aktivitetsplanen, altså om innhaldet i denne.

Fylkesmannens vurdering er at skolen ikkje oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

Skolen skal sette inn eigna tiltak for å gi eleven eit trygt og godt skolemiljø

Rettsleg grunnlag

Plikta til å sette inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skolemiljøet som trygt og godt.

De skal velje tiltak ut frå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. Vurderingane skal basere seg på kunnskap, prinsipp og verdiar som er utvikla og anerkjende av kompetente fagmiljø. De må tilpasse tiltaka til saka og eleven sitt heilskaplege behov.

De må ta stilling til kva som er eleven sitt beste i saka. Dette gjeld også for andre elevar som er involvert i saka eller blir direkte påverka av tiltaka. Momenta i vurderinga kan vere eleven sitt syn på kva som bør vere innhaldet i aktivitetsplanen, eleven sin identitet og karaktertrekk og eigenskapar, familiemiljø og nære relasjonar, vern, omsorg og tryggleik, sårbarheit eller sårbare situasjonar, eleven sin rett til liv og utvikling, eleven sin fysiske og psykiske helse og eleven sin rett til utdanning. Det skal sterke omsyn til for at de kan sette eleven sitt beste til side. De må ta stilling til kor stor vekt eleven sitt beste skal ha.

Samla sett skal de gjennomføre dei tiltaka som det er rimeleg å vente av dykk i den enkelte saka. Dagleg leiar skal sikre at dette blir gjort.

Sikrar rektor at skolen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skolemiljø ikkje er oppfylt?

Våre observasjonar og vurderingar

I *Plan* s. 8 heiter det at skolen skal sette inn eigna tiltak heilt til eleven opplever at skolemiljøet er trygt og godt. Dette gjeld uansett kva som er grunnen til at eleven opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt. Eleven sitt beste skal vere eit grunnleggande omsyn. I intervju og Reflex svarer tilsette at dette blir gjort i praksis. Det blir opplyst at skolen hentar inn hjelp frå skoleeigar, PPT, psykisk helse eller barnevern dersom det er behov for det.

På den andre sida er det vanskeleg å sjå kva fagleg-pedagogiske vurderingar som ligg til grunn for tiltaka i dei aktivitetsplanane som skolen har sendt inn i samband med tilsynet. Det er med andre ord ikkje synleggjort kva vurdering skolen har gjort som skal sikre at tiltaka er eigna til å trygge eleven. Fylkesmannen vil peike på at tala frå elevundersøkinga over fleire år viser urovekkande mange elevar som opplever at dei blir mobba. Etter vår meining gjer det at ein må forventa at skolen set ekstra høge krav til dei tiltaka som blir sett i verk for å trygge elevar som opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt. Fylkesmannen meiner derfor at rektor ikkje sikrar at tiltaka som blir sett inn er tilstrekkeleg eigna til å trygge eleven.

Fylkesmannen vurderer at Tysværåvåg barne- og ungdomsskule ikkje oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

2.1.2. Våre konklusjonar

Tysværåvåg barne- og ungdomsskule oppfyller regelverket sine krav på desse punkta:

- Alle som jobbar på skolen skal ha kunnskap om at det er elevane si eiga subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skolemiljø.
- Rektor sørgjer for at alle som jobbar på skolen, grip inn mot krenkingar som til dømes utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering, dersom det er mogleg.
- Rektor varslar skoleeigar om alvorlege tilfelle, inkludert tilfelle der skolen ikkje har klart å løyse ei sak.
- Rektor sikrar at skolen undersøker saka snarast.

Tysværåvåg barne- og ungdomsskule oppfyller ikkje regelverket sine krav på desse punkta:

- Rektor sikrar ikkje at alle som jobbar på skolen følger med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og at dei følger spesielt godt med på elevar som kan vere særskilt sårbare.
- Rektor sikrar ikkje at alle som jobbar på skolen varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.
- Rektor sikrar ikkje at alle som jobbar på skolen, varslar rektor så raskt som saka tilseier.
- Rektor sikrar ikkje at skolen undersøker saka når rektor får varsel frå ein tilsett ved skolen, eller ein elev seier frå om at skolemiljøet ikkje er trygt og godt.
- Rektor sikrar ikkje at eleven får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen.
- Rektor sikrar ikkje at skolen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skolemiljø ikkje er oppfylt.

2.2. Plikta til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom ein som jobbar på skolen, krenker ein eller fleire elevar

2.2.1. Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar

Alle som jobbar på skolen, skal varsle rektor straks ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen har krenka ein eller fleire elevar. Dersom det er ein tilsett i skoleleiinga som krenker elevar, skal den som jobbar på skolen, varsle skoleeigaren i staden for rektor.

Rettsleg grunnlag

Alle som jobbar på skulen, skal varsle rektor straks, dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, krenker ein eller fleire elevar. Rektor skal varsle skuleeigaren straks. Dersom det er ein tilsett i skuleleiinga som krenker elevar, skal skuleeigaren få varsel i staden for rektor. De skal dokumentere korleis de varslar.

Kva som er å krenke, skal de tolke vidt. Det kan vere direkte krenkingar, men også meir indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking. Korleis elevane opplevde krenkinga, har ikkje noko å seie for plikta til å varsle. Det er tilstrekkeleg med mistanke for at plikta til å varsle trer inn. Å ha ein mistanke vil seie å ha ei kjensle av eller tanke om at ein som jobbar på skulen, krenker ein eller fleire elevar.

De skal gi elevane som har vorte krenkte, beskjed om at de kjem til å varsle rektor eller skuleeigaren om saka, med mindre dette hindrar at de kan varsle raskt nok.

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal varsle, og følge opp at det blir gjort.

Sikrar rektor at alle som jobbar på skolen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen, har krenka ein eller fleire elevar.

Sikrar rektor at dei tilsette varslar direkte til skoleeigar dersom mistanken gjeld ein i skoleleiinga?

Våre observasjonar og vurderingar

I *Plan* s.9 går det fram at ein som arbeider på skolen straks skal varsle rektor dersom han får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen krenker ein elev. Som døme på slik krenking blir nemnt diskriminering, trakassering, vald eller mobbing frå ein tilsett. Rektor skal varsle skoleeigar i desse sakene. Dersom det er ein i skoleleiinga som står bak krenkinga skal skoleeigar varslast direkte av den som fekk mistanken eller kjennskap til krenkinga. Innhaldet i *Planen* blir gjennomgått med dei tilsette på planleggingsdagar ved oppstart av skoleåret. Intervju og svar i Reflex tyder på at tilsette blir informert om desse pliktene.

På s.9 i *Plan* går det også fram at skolen skal dokumentere kva skolen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta som er nemnt her. I Reflex svarer tilsette at det blir gjort referat frå samtaler med tilsette. Fylkesmannen meiner derfor at rektor sikrar at alle som jobbar på skolen, varslar rektor

dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen, har krenka ein eller fleire elevar. Rektor sikrar også at dei tilsette varslar direkte til skoleeigar dersom mistanken gjeld ein i skoleleiinga.

Fylkesmannen vurderer at Tysværvåg barne- og ungdomsskule oppfyller regelverkets krav på dette punktet.

Skolen skal undersøke saka straks

Rettsleg grunnlag

De må undersøke kva som har skjedd. De skal dokumentere korleis de undersøker saka.

Dersom undersøkinga viser at ein som jobbar på skulen, har krenkt elevar, må de undersøke korleis elevane opplevde dette. Dersom det er elevar som ikkje har eit trygt og godt skulemiljø som følge av krenkingane, må de vurdere kva for tiltak de skal sette inn.

Ein elev som krenkinga direkte rettar seg mot, har rett til å uttale seg. De skal legge til rette for og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner. Dersom krenkinga rettar seg mot ei større gruppe elevar, for eksempel ein klasse, kan det vere tilstrekkeleg å snakke med klassen samla eller med ein del av elevane.

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøke, og følge opp at det blir gjort.

Sikrar rektor at skolen undersøker saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen, har krenka ein eller fleire elevar?

Sikrar rektor at skolen undersøker saka straks?

Våre observasjonar og vurderingar

I skolen sin *Plan* er det ikkje sagt noko om undersøking av dei sakene der det er mistanke om, eller kjennskap til, at ein vaksen krenker ein elev. Rektor forklarar at dei undersøker saka og viser her til *Plan*. Andre tilsette svarer i Reflex at dette ikkje er aktuelt. Fylkesmannen kan ikkje sjå at skolen har fastsett ein framgangsmåte for undersøking i desse tilfella.

Tysværvåg barne- og ungdomsskule oppfyller ikkje regelverkets krav på dette punktet.

2.2.2. Våre konklusjonar

Tysværvåg barne- og ungdomsskule oppfyller regelverket sine krav på desse punkta:

- Rektor sikrar at alle som jobbar på skolen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen, har krenka ein eller fleire elevar.
- Rektor sikrar at dei tilsette varslar direkte til skoleeigar dersom mistanken gjeld ein i skoleleiinga.

Tysværvåg barne- og ungdomsskule oppfyller ikkje regelverket sine krav på desse punkta:

- Rektor sikrar ikkje at skolen undersøker saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen, har krenka ein eller fleire elever.
- Rektor sikrar ikkje at skolen undersøker saka straks.

2.3. Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak

2.3.1. Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremme helse, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

Skolen skal lage ein skriftleg aktivitetsplan for eleven

Rettsleg grunnlag

De skal lage ein skriftleg plan som skal beskrive kva for ein elev planen gjeld, kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak de har planlagt, når de skal gjennomføre tiltaka, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka, og når de skal evaluere tiltaka.

Eleven og foreldra til eleven som saka gjeld, har rett til å få dei delane av aktivitetsplanen som omhandlar eleven. Dersom eleven er over 18 år, har ikkje foreldre rett til å få planen.

Lagar skolen ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skolen skal sette inn tiltak i ei sak?

Får eleven og foreldra som saka gjeld, aktivitetsplanen frå skolen?

Våre observasjonar og vurderingar

Skolen har ein mal for aktivitetsplan som dei brukar. Denne har eigen rubrikk som sikrar at kvart av krava til aktivitetsplan blir ivareteken. Det går også fram av *Plan* s.9 at skolen skal utarbeide ein aktivitetsplan når ein set inn tiltak i ei sak, og krava til aktivitetsplanen går også fram her. Innsendte aktivitetsplanar viser at dei eldste ikkje fyller krava, mens den nyaste gjer det. Fylkesmannen legg til grunn at det skuldast at skolen nyleg har teke i bruk ein fast mal som er betre eigna til å sikre krava til aktivitetsplan. Aktivitetsplanane er adresserte til føresette, og intervju og svar i Reflex viser at elev og føresette får aktivitetsplanen.

Fylkesmannens vurdering er at skolen lagar ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skolen set inn tiltak i ei sak, og at eleven og foreldra som saka gjeld får aktivitetsplanen frå skolen.

Fylkesmannen vurderer at Tysværåvåg barne- og ungdomsskule oppfyller regelverkets krav på desse punkta.

Skolen skal evaluere og tilpasse tiltaka

Rettsleg grunnlag

De må gjennomføre alle tiltaka som følger av planen. Vidare må de dokumentere at de gjennomfører tiltak i tråd med planen.

For å kunne evaluere tiltaka, må de skaffe dykk tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka. Eleven som tiltaka gjeld, har rett til å uttale seg. De skal legg til rett for og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

De må vurdere korleis tiltaka har verka. De må endre tiltaka eller sette inn nye tiltak, dersom eleven framleis opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø. Evalueringa kan også føre til at de forlengjer tiltak som verkar. De skal fortsette med å sette inn tiltak, så lenge eleven ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt, og det finst eigna tiltak som skulen kan sette inn.

De skal informere elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, jf. forvaltningslova § 11 og opplæringslova § 9A-9 første ledd.

Følger rektor opp at skolen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen?

Våre observasjonar og vurderingar

Intervju og svar i Reflex viser at leiinga og tilsette har ei klar forventning om at tiltaka i aktivitetsplanen blir gjennomført. Vi finn at gjennomføringa av tiltaka blir gjennomgått på evalueringa, men det er ikkje lagt fram noko som viser eller dokumenterer at rektor konkret følger opp at den enkelte tilsette gjennomfører tiltaka fram mot evalueringa. Vi vurderer derfor at det ikkje er synleggjort oppfølging av tiltaka frå rektor si side fram til tiltaka blir evaluerte.

Tysværvåg barne- og ungdomsskule oppfyller ikkje regelverkets krav på dette punktet.

Sikrar rektor at skolen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har verka, og kva endringar eleven ønskjer?

Våre observasjonar og vurderingar

Det går fram av referat frå evalueringssmøte at skolen innhentar informasjon frå elev og føresette om korleis tiltaka har verka. I skolen sin mal for aktivitetsplan er det eit eige punkt om evaluering, men det er ikkje sagt noko om kven som skal vere med på denne, eller kven det skal innhentast informasjon frå. Fylkesmannen finn derfor at skolen ikkje har ein fastsett framgangsmåte for å innhente informasjon om korleis tiltaka har verka, mellom anna det å høyre eleven sitt syn på dette og kva endringar han/ho eventuelt ønskjer.

Fylkesmannen vurderer at Tysværvåg barne- og ungdomsskule ikkje oppfyller regelverket på dette punktet.

Sørgjer rektor at skolen tilpassar tiltaka på grunnlag av informasjonen om korleis tiltaka har verka og elevens syn?

Våre observasjonar og vurderingar

Det er ikkje sagt noko konkret om dette i *Plan* eller andre rutinar som gjeld på skolen. Rektor svarer i Reflex at dette blir gjort i praksis. I praksis har skolen møte med eleven og foreldra for å vurdere verknaden av tiltaka, og innsendte aktivitetsplanar viser eitt tilfelle der skolen har endra tiltaka på grunnlag av det som er kome fram under evalueringa. Fylkesmannen legg derfor til grunn at skolen i praksis tilpassar tiltaka basert på korleis dei har verka og eleven si oppleving.

Tysværvåg barne- og ungdomsskule oppfyller regelverkets krav på dette punktet.

Informerer skolen elevar og foreldra som meiner at skolen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen?

Våre observasjonar og vurderingar

Svara i Reflex og intervju med leiing, tilsette og føresette viser at skolen informerer om denne retten på foreldremøta i starten av skoleåret. Dette blir stadfesta av skolen sin vedlagte Powerpoint. Det går også fram av malen til aktivitetsplan at føresette kan melde saka til Fylkesmannen, og det står på skolen si heimeside.

Fylkesmannen vurderer at Tysværvåg barne- og ungdomsskule oppfyller regelverkets krav på dette punktet.

2.3.2. Våre konklusjonar

Tysværvåg barne- og ungdomsskule oppfyller regelverket sine krav på desse punkta:

- Skolen lagar ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skolen skal sette inn tiltak i ei sak.
- Eleven og foreldra som saka gjeld, får aktivitetsplanen frå skolen.
- Rektor sørger for at skolen tilpassar tiltaka på grunnlag av informasjonen om korleis tiltaka har verka og elevens syn.
- Skolen informerer elevar og foreldra som meiner at skolen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen.

Tysværvåg barne- og ungdomsskule oppfyller ikkje regelverket sine krav på desse punkta:

- Rektor følger ikkje opp at skolen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen.
- Rektor sikrar ikkje at skolen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har verka, og kva endringar eleven ønskjer.

3. Skolen si plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre

3.1. Plikta til å arbeide førebyggjande, kontinuerleg og systematisk for å fremme eit trygt og godt skolemiljø

3.1.1. Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar

Elevane skal få delta i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for å skape eit trygt og godt skolemiljø

Rettsleg grunnlag

Elevane skal få delta i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for å skape eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-8 første ledd. Elevane kan bli involverte gjennom for eksempel aktivitetar og dialog i kvardagen, og gjennom planlagde samtalar og møte. Korleis elevane skal ta del i arbeidet, skal de tilpasse til saka og alderen og føresetnadene til elevane.

Sikrar rektor at elevane får ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø?

Våre observasjonar og vurderingar

Det er eit krav at elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø, men det er opp til skolen å bestemma kva framgangsmåte som er føremålstenleg for den enkelte skole. Fylkesmannen kan ikkje sjå at Tysværvåg barne- og ungdomsskole har dokumentert at dei har ein bestemt rutine eller framgangsmåte for å sikra at elevane blir involverte i dette arbeidet.

I intervju og svar i Reflex viser Tysværvåg barne- og ungdomsskole at elevane deltek i fleire aktivitetar som har til hensikt å fremme eit godt skolemiljø. Til dømes er elevar trivselsleiarar i friminutta, bussvakter på skolebussen og klassane utarbeider eigne klasseregjar. I årsplanen for elevrådsarbeid er det sett opp dialog om *korleis ein kan bidra til eit godt skolemiljø og å vera ein positiv pådrivar med tanke på trivsel i eigen klasse*. Referat frå elevråd viser at elevrådet kjem med ønsker om ulike aktivitetar som skolen skal ha, og elevrådet opplever at dei blir høyrte i saker om aktivitetar og materielle ting som elevane ønskjer seg. Skolen deltek òg i Trivselsleiar- og MOT-programma.

Fylkesmannen ser at elevane på Tysværvåg barne- og ungdomsskole tek del i gjennomføringa av aktivitetar som er med på å skape eit trygt og godt skolemiljø. Tysværvåg barne- og ungdomsskole har derimot ikkje synleggjort for Fylkesmannen korleis elevane tek del i planlegginga av dette arbeidet. Skolen har ikkje lagt ved referat frå elevrådsmøter som viser at elevrådet er med i planlegginga av skolemiljøtiltak, som til dømes etterarbeid etter Elevundersøkinga eller arbeid med *Plan*.

Skolen har gjennom innsendt dokumentasjon, svar i Reflex og intervju vist at praksis er at elevane tek del i gjennomføringa av arbeidet for eit godt skolemiljø. Kravet er at elevane får delta

både i planlegginga og gjennomføringa av dette arbeidet, og at skolen må ha ein rutine for å sikra at dette blir gjennomført. Fylkesmannen si vurdering er at rektor ikkje har ein bestemt framgangsmåte korkje for at elevane får ta del i gjennomføringa eller planlegging av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.

Fylkesmannen vurderer at Tysværvåg barne- og ungdomsskole ikkje oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

Alle som jobbar på skolen, skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skolemiljø. Lærarane som jobbar på skolen, skal fremme ei positiv samhandling i klassemiljøet

Rettsleg grunnlag

Rektor skal sørge for at alle som jobbar på skolen, skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-3. Rektor skal også jobbe for at lærarane skal fremme ei positiv samhandling i klassemiljøet. For å få til dette må lærarane ha nødvendig kompetanse og tilstrekkeleg tid. Skolemiljøet skal verke positivt på helse, trivsel og læring, på tryggleik og sosial tilhøyrsl. Arbeidet skal strekkje seg lenger enn å hindre krenkingar, og det må omfatte haldningar, verdiar, undervisningspraksis, relasjonar og leiing.

Jobbar rektor for at skolen skal praktisere haldningar og verdiar som bidrar til eit trygt og godt skolemiljø?

Jobbar rektor for at lærarane skal fremme en positiv samhandling i klassemiljøet?

Våre observasjonar og vurderingar

Skolen har lagt fram fleire dokument som viser skriftleg rutine for å sikra at dei tilsette jobbar for eit trygt og godt skolemiljø gjennom haldningar, verdiar og positiv samhandling i klassemiljøet. *Plan* skildrar detaljert kva verdiar og haldningar skolen skal arbeida etter, og kor viktig relasjonsarbeid er i skolen. Dette blir underbygd i dokumentet *Slik gjere me der på Tysværvåg*, der det mellom anna står at:

- *Hos oss er alle som jobbar ved skolen tydelege vaksne med ansvar for alle elevane [...]*
- *Hos oss skal me sjå og respektera alle. [...]*
- *Hos oss har vi fokus på eit godt psykososialt skolemiljø med mykje humor og varme.*

I *Rutinar for vakt og tilsyn* har skolen eit avsnitt som tydeleggjer korleis dei vaksne skal bry seg når dei går vakt. Førre skoleår deltok personalet på Tysværvåg barne- og ungdomsskole på kompetansehevingsprogram i regi av Pål Roland. Temaet var mellom anna tidleg innsats, alvorlege åtferdsvanskar og det autoritative perspektivet. Delar av denne kompetansehevinga er tatt inn i appendix til *Plan*, noko som gjer det sannsynleg at òg nytilsette får denne informasjonen. I følge *Årshjul* skal lærarane kartlegga relasjonane til sine elevgrupper to gonger i året, og lærarane skal arbeida med resultatane på fellestid.

Dei tilsette stadfestar i intervju og i *Reflex* at lærarane praktiserer haldningar og verdiar som fremmar eit trygt og godt skolemiljø, og at dei fremmar positiv samhandling i klassemiljøet.

Fylkesmannen vurderer at Tysværvåg barne- og ungdomsskule oppfyller regelverket sine krav på desse punkta.

Skolen skal evaluere sitt samla arbeid for eit trygt og godt skolemiljø

Rettsleg grunnlag

Skolen skal arbeidet med skolemiljøet basert på synspunkt frå tilsette, elevar og foreldre. Dersom evalueringa viser at de ikkje oppfyller krava som følger av opplæringslova kapittel 9A, må de gjere endringar i måten de jobbar på, slik at krava blir oppfylte.

Evalueringa av skolen det førebyggjande arbeidet med skolemiljøet basert på mellom anna synspunkta frå elevane, foreldra og tilsette?

Våre observasjonar og vurderingar

Det førebyggjande arbeidet med skolemiljø skal mellom anna baserast på synspunkt frå elevane, foreldra og dei tilsette. Fylkesmannen vil òg presisera at korleis skolen oppfyller aktivitetsplikta, den skjerpa aktivitetsplikta og korleis skolen informerer elevar og foreldre, skal evaluerast. Ein framgangsmåte for å evaluera må seie noko om kva som skal evaluerast, kven som skal delta og det må leggjast konkret til rette for evalueringa, også kalla stopp-punkt. Sentrale element som bør omfattast av ei evaluering vil mellom anna vere ordensreglement, *Plan* og resultat frå Elevundersøkinga. I *Årshjul* står det at *Planen og praksisen skal vurderes hvert semester*, i august og i januar. For Fylkesmannen er det uklart om det her blir vist til årshjulet eller *Plan*. Vidare seier ikkje årshjulet noko om kven som skal delta i evalueringa eller konkrete stopp-punkt. Rektor seier i intervju at *Plan* er sett i gang no i haust, og at årshjulet skal sikre at planen blir evaluert kvar halvår. Fylkesmannen vurderer likevel at skolen sin rutine for evaluering er uklar.

I intervju og i Reflex seier dei tilsette at dei evaluerer skolemiljøarbeidet sitt på bakgrunn av elevsamtalar og relasjonskartleggingar. Lærarane kan kome med innspel til *Plan*, og opplever at dei blir høyrte. Fylkesmannen oppfattar dette som tilfeldige evalueringar, og kan ikkje sjå at skolen har lagt til rette for ei systematisk evaluering ved planlagde stopp-punkt. Fylkesmannen meiner at det er sannsynleg at dei tilsette er med og evaluerer det førebyggjande arbeidet, men at det ikkje skjer systematisk.

Tysværvåg barne- og ungdomsskule har to elevråd, eitt for mellomtrinnet og eitt for ungdomstrinnet. Årsplanane viser at det er sett av tid til dialog om ordensreglement, trygt skolemiljø og generell evaluering av elevrådsarbeidet. Fylkesmannen kan ikkje sjå at elevråda blir gjort kjent med resultatata av Elevundersøkinga eller innhaldet i *Plan*, heller ikkje at skolen har ein plan for korleis synspunkta til elevane blir tatt med i evaluering av arbeidet med skolemiljø. Mange av dei viktige elementa over kan med fordel tas inn i eksisterande årshjul for elevråda. Fylkesmannen kan ikkje sjå at elevane er med i ei systematisk evaluering av skolen sitt arbeid med skolemiljø.

Fylkesmannen er ikkje gjort kjent med ein årsplan eller tilsvarande skriftleg rutine for FAU/SU/SMU som viser at skolen innhentar synspunkt frå foreldra. Møtereferat frå SMU/SU 28.01.19 viser likevel at rektor informerte om Elevundersøkinga, og at FAU ønskjer ein

handlingsplan med planlagde tiltak. Utover dette kan ikkje Fylkesmannen sjå at skolen har innhenta synspunkt frå foreldre.

Fylkesmannen vurderer at Tysværvåg barne- og ungdomsskule ikkje følger regelverket sine krav på dette punktet.

3.1.2. Våre konklusjonar

Tysværvåg barne- og ungdomsskule oppfyller krava i regelverket på desse punkta:

- Rektor jobbar for at skolen skal praktisere haldningar og verdiar som bidrar til eit trygt og godt skolemiljø.
- Rektor jobbar for at lærarane skal fremme en positiv samhandling i klassemiljøet.

Tysværvåg barne- og ungdomsskule oppfyller ikkje krava i regelverket på desse punkta:

- Rektor sikrar ikkje at elevane får ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.
- Skolen evaluerer ikkje det førebyggjande arbeidet med skolemiljøet basert på mellom anna synspunkta frå elevane, foreldra og tilsette.

3.2. Plikta til å informere og involvere elevar og foreldre i arbeidet med skolemiljøet

3.2.1. Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar

Skolen skal gi elevane og foreldra informasjon om retten til et trygt og godt skolemiljø

Rettsleg grunnlag

Skolen skal gi elevane og foreldra informasjon om retten til eit trygt og godt skolemiljø, skolen si aktivitetsplikt og retten til å melde ei sak til fylkesmannen, jf. opplæringslova § 9A-9 første ledd. De må gi informasjonen på ein måte og i eit omfang som gjer at elevane og foreldra kan ta hand om sine rettar etter lova.

Gir skolen elevane og foreldra informasjon om retten til et trygt og godt skolemiljø, om skolen si aktivitetsplikt og om retten til å melde ei sak til fylkesmannen?

Våre observasjonar og vurderingar

Innsendt dokumentasjon, eigenvurdering i Reflex og intervju viser at Tysværvåg barne- og ungdomsskule informerer elevane om rettighetene deira knytt til trygt og godt. I følge *Århjul* skal kontaktlærer visa ein felles presentasjon i klassane i første skoledag, og dette blir stadfesta av elevar og tilsette i intervju. Denne presentasjonen inneheld Utdanningsdirektoratet sin informasjon om elevane sine rettar. Skolen informerer foreldra om dei same rettane på ulike måtar. I overgangane mellom barnehage og skole, og barnetrinn til ungdomstrinn blir foreldra informerte på foreldremøte våren. I tillegg informerer skolen på foreldremøta hausten. Dette

skoleåret gjorde skolen og foreldrekontaktane eit felles forarbeid, og foreldrekontaktane informerte om elevane sine rettar til trygt og godt skolemiljø på foreldremøta. I tillegg ligg det informasjon om både elevane sine rettar, skolen si aktivitetsplikt og om retten til å melda sak til fylkesmannen på skolen sine nettsider slik at informasjonen er tilgjengeleg for foreldre som ikkje deltek på foreldremøta. Desse punkta er òg omtala i rektor si velkomsthelsing til nytt skoleår. Foreldrerepresentantane stadfester at skolen informerte om elevane sin rett til eit trygt og godt skolemiljø, skolen si aktivitetsplikt og om retten til å melda ei sak til fylkesmannen på foreldremøta i oppstarten av innverande skoleår.

Fylkesmannen vurderer at Tysværåvåg barne- og ungdomsskule følger kravet til regelverket på dette punktet.

Skolen skal informere aktuelle råd og utval om rett til innsyn og rett til å uttale seg i saker som er viktige for skolemiljø.

Rettsleg grunnlag

De skal informere aktuelle råd og utval om deira rett til innsyn i dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø, jf. forvaltningslova § 11 og opplæringslova § 9A-3 andre ledd. De skal i tillegg informere aktuelle råd og utval om at dei har rett til å uttale seg i alle saker som er viktige for skolemiljøet. Kva for organ som er aktuelle, vil variere etter skoletype.

Sikrar rektor at skolen informerer aktuelle råd og utval om deira rett til innsyn i dokumentasjon som gjelder det systematiske arbeidet for et trygt og godt skolemiljø, og at de har rett til å uttale seg i saker som er viktig for skolemiljøet?

Våre observasjonar og vurderingar

Tysværåvåg barne- og ungdomsskole har to elevråd, eitt for mellomtrinnet og eitt for ungdomstrinnet. På skolen si heimeside ser Fylkesmannen at FAU og SU er oppretta for skoleåret 2019/20. Likevel er det ikkje tilgjengelege møtereferat frå desse organa som dokumenterer at dei er konstituerte og har hatt møte dette skoleåret, heller ikkje at det har vore jamlege møte tidlegare skoleår. Vidare informerer skolen på heimesida at når *SU er skolemiljøutval, skal begge vara frå FAU og nestleiar elevråd delta*. Det er ikkje dokumentert at SMU har hatt møte dette skoleåret. Fylkesmannen kan heller ikkje sjå at det er eit årshjul eller anna skriftleg rutine som viser kor ofte organa skal ha møte, eller kva saker som dei skal behandla.

På heimesida til skolen kan ein under *Hva er FAU* lesa om FAU sine oppgåver. Det står mellom anna at *FAU skal sikre reell medvirkning frå foreldre/foresatte og ha medansvar for at elevenes læringsmiljø er trygt og godt*. Dette sannsynleggjer at FAU har blitt informert av rektor om at dei kan uttala seg i saker som er viktige for skolemiljøet.

Plan har ein eigen del om samarbeid, der elevråd og SMU sine roller i skolemiljø saker blir greia ut under del 3. Der står det mellom anna at *Tysværåvåg skal ha elevråd som opplever reel medverknad på eige skolemiljø*. Fylkesmannen legg til grunn at elevrådet dermed kan uttala seg i saker som er viktige for skolemiljøet. I tillegg står det at i *[SMU] er elevar og foreldre i fleirtal, noko som gir rom for brukarmedverknad og involvering*.

I Reflex svarer skolen at rektor informerer aktuelle råd og utval om retten deira til innsyn i dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø, og at dei har rett til å uttala seg i saker som er viktige for skolemiljøet. På heimesida til skolen og i *Plan* viser skolen at det til ei viss grad er skriftlege rutinar for at dei ulike råda og utvala kan uttala seg om skolemiljø saker. Referat frå SMU 28.01.19 viser at rektor informerte om resultatata frå Elevundersøkinga, og at *FAU ynskjer handlingsplan for å sjå tiltak som er planlagt med bakgrunn i resultat frå undersøkinga*. På grunnlag av møtereferat frå elevråd og FAU kan ikkje Fylkesmannen sjå at skolemiljø saker har vore behandla i desse utvala det siste skoleåret.

Rektor skal sikra at aktuelle råd og utval både blir informerte om retten til innsyn i dokument, og at dei har rett til å uttala seg om saker som gjeld skolemiljø. Dette betyr at skolen både må ha ein bestemt framgangsmåte for dette, og at rektor i tillegg må følgja opp at rutine blir følgd i praksis. Fylkesmannen kan ikkje sjå at skolen har ein bestemt framgangsmåte for å informera råd og utval om rettane deira, og at sjølv om det i noko grad er skriftlegegjort at råda og utvala har rett til å uttala seg i skolemiljø saker, er det usikkert om dette blir følgd opp.

Fylkesmannen vurderer at Tysværvåg barne- og ungdomsskule ikkje følger krava i regelverket på dette punktet.

Skolen må informere aktuelle råd og utval om alt som er viktig for skolemiljøet.

Rettsleg grunnlag

De skal informere aktuelle råd og utval om alt som er viktig for skolemiljøet, jf. opplæringslova § 9A-9 tredje ledd. Skolen må sjølv ta initiativ til å orientere råda og utvala når ny relevant informasjon er tilgjengeleg eller kommen fram. Kravet om at det må vere viktig for skolemiljøet, betyr at de ikkje treng å informere om daglegdagse enkelthendingar eller mindre endringar av rutinar.

De skal så tidleg som mogleg ta aktuelle råd og utval med i arbeidet med skolemiljøtiltak, jf. opplæringslova § 9 A-9 tredje ledd. De må ta råda og utvala med i arbeidet tidleg nok til at dei får ein reell innverknad.

Sikrar rektor at skolen informerer aktuelle råd og utval om alt som er viktig for skolemiljøet?

Sikrar rektor at skolen tar aktuelle råd og utval med i arbeidet med skolemiljøtiltak, og at det skjer så tidleg som mogleg?

Våre observasjonar og vurderingar

Årshjula for elevråda på skolen viser at det er rutine for jamlege elevråd, og at tema er ordensreglar, skolemiljø, «Barndom i Tysvær» og andre aktivitetar. Skolen har lagt fram eitt referat frå elevrådet på ungdomstrinnet 05.09.19, der det kjem fram at sakene elevrådet har diskutert er sykkelskur, gratis graut i kantina ein gong i veka, lov til å sykla til butikken i friminutt, ha på seg hovudplagg inne, betre oppmerking for bussane og bruk av mobil i småfriminutt. I intervju seier elevane at det er meir snakk om mobbing i elevrådet på mellomtrinnet enn det er på ungdomstrinnet. Elevrådsrepresentantane seier òg at dei ikkje kan hugsa at resultatata frå Elevundersøkinga har vore ei sak i elevrådet, men at mange av representantane er nye dette

skoleåret og dermed ikkje veit om elevrådet blei informert førre skoleår. Fylkesmannen vurderer at elevråda får *uttala* seg om skolemiljøet på skolen, men det er ikkje synleggjort at dei blir *tatt med* i arbeidet med skolemiljøtiltak.

På bakgrunn av innsendt dokumentasjon vurderer Fylkesmannen at det ikkje er ein bestemt framgangsmåte for at rektor informerer elevråda om alt som er viktig for skolemiljøet, heller ikkje for at elevråda blir tatt med i arbeidet med skolemiljøtiltak.

FAU opplyser om at dei blei orienterte om resultatane frå Elevundersøkinga på møte i SU/SMU 28.01.19. I møterefateret les Fylkesmannen at FAU ønskjer ein plan frå skolen som viser korleis skolen skal følgje opp resultatane. Fylkesmannen kan ikkje sjå at skolen har utarbeidd ein slik plan, eller hatt vidare dialog med FAU. Som det er gjort greie for over, har ikkje SU og SMU ved Tysværvåg barne- og ungdomsskule jamlege møte. Fylkesmannen legg til grunn at utvala må møtast minst to gonger i halvåret for at rektor skal kunna både informera utvala om skolemiljøet, og at utvala skal tas med i arbeidet så tidleg som mogleg.

Fylkesmannen vurderer at Tysværvåg barne- og ungdomsskule ikkje følgjer krava i regelverket på desse punkta.

Evaluering av skolen arbeidet med å informere og involvere aktuelle råd og utval basert på mellom anna synspunkt frå elevane, foreldra og tilsette?

Våre observasjonar og vurderingar

Den innsende dokumentasjonen, svara i Reflex og intervju viser ikkje at skolen hentar inn synspunkt frå elevane, foreldra og tilsette på korleis arbeidet med å informera og involvera råd og utval fungerer. Det er ikkje vist til framgangsmåtar eller lagt ved anna dokumentasjon som viser evalueringar av dette arbeidet.

Fylkesmannen vurderer at Tysværvåg barne- og ungdomsskule ikkje følgjer krava i regelverket på dette punktet.

3.2.2. Våre konklusjonar

Tysværvåg barne- og ungdomsskule oppfyller regelverket sine krav på desse punkta:

- Skolen gir elevane og foreldra informasjon om retten til et trygt og godt skolemiljø, om skolen si aktivitetsplikt og om retten til å melde ei sak til fylkesmannen.

Tysværvåg barne- og ungdomsskule oppfyller ikkje regelverket sine krav på desse punkta:

- Rektor sikrar ikkje at skolen informerer aktuelle råd og utval om deira rett til innsyn i dokumentasjon som gjelder det systematiske arbeidet for et trygt og godt skolemiljø, og at de har rett til å uttale seg i saker som er viktig for skolemiljøet.
- Rektor sikrar ikkje at skolen informerer aktuelle råd og utval om alt som er viktig for skolemiljøet.
- Rektor sikrar ikkje at skolen tar aktuelle råd og utval med i arbeidet med skolemiljøtiltak, og at det skjer så tidleg som mogleg.

- Skolen evaluerer ikkje arbeidet med å informere og involvere aktuelle råd og utvala basert på mellom anna synspunkt frå elevane, foreldra og tilsette.

4. Frist for retting av regelverksbrot

Vi har funne at de ikkje etterlever regelverket på alle område. Vi gjer dykk ein frist til å rette brota, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-4.

Frist for retting er 01. april 2020. Før fristen må de sende oss ei erklæring om at tilhøva er retta og ei utgreiing om korleis brota har blitt retta.

Viss de ikkje har retta regelverksbrota før rettefristen, vil vi vedta pålegg om retting. Eit pålegg om retting er eit vedtak som de kan klage på, jf. forvaltningslova kap. VI.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløp av rettefristen:

Skolen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skolemiljø

Tysvær kommune må sørge for at Tysværvåg barne- og ungdomsskole oppfyller plikta til å følge med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Jf. opplæringslova §§ 9A-2, 9 A-3 og 9 A-4.

Tysvær kommune må i den samanheng sjå til at:

- Rektor sikrar at alle som jobbar på skolen følger med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og at dei følger spesielt godt med på elevar som kan vere særskilt sårbare.
- Rektor sikrar at alle som jobbar på skolen varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.
- Rektor sikrar at alle som jobbar på skolen, varslar rektor så raskt som saka tilseier.
- Rektor sikrar at skolen undersøker saka når rektor får varsel frå ein tilsett ved skolen, eller ein elev seier frå om at skolemiljøet ikkje er trygt og godt.
- Rektor sikrar at eleven får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen.
- Rektor sikrar at skolen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skolemiljø ikkje er oppfylt.

Tysvær kommune må sørge for at Tysværvåg barne- og ungdomsskule oppfyller plikta til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen, har krenka ein eller fleire elevar, jf. opplæringslova §§ 9A-2, 9 A-3, 9 A-4 og 9A-5.

Tysvær kommune må i den samanheng sjå til at:

- Rektor sikrar at skolen undersøker saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen, har krenka ein eller fleire elever.
- Rektor sikrar at skolen undersøker saka straks.

Tysvær kommune må sørge for at Tysvær barne- og ungdomsskule oppfyller plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-9 og forvaltningslova § 11.

Tysvær kommune må den samanheng sjå til at skolen:

- Rektor følger opp at skolen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen.
- Rektor sikrar at skolen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har verka, og kva endringar eleven ønskjer.

Skolen si plikt til å arbeide førebyggande og informere og involvere elevar og foreldre

Tysvær kommune må sørge for at Tysværvåg barne- og ungdomsskule jobbar førebyggande, kontinuerleg og systematisk for å fremme eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 og 9 A-8 første ledd.

Tysvær kommune må i den samanhengen sjå til at:

- Rektor sikrar at elevane får ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.
- Skolen evaluerer det førebyggande arbeidet med skolemiljøet basert på mellom anna synspunkta frå elevane, foreldra og tilsette.

Tysvær kommune må sørge for at Tysværvåg barne- og ungdomsskule informerer og involverer elevar og foreldre i arbeidet med skolemiljøet, jf. Opplæringslova §§ 9A-3 andre ledd, 9A-9 tredje ledd, 11-1a og forvaltningslova § 11.

Tysvær kommune må i den samanhengen sjå til at:

- Rektor sikrar at skolen informerer aktuelle råd og utval om deira rett til innsyn i dokumentasjon som gjelder det systematiske arbeidet for et trygt og godt skolemiljø, og at de har rett til å uttale seg i saker som er viktig for skolemiljøet.
- Rektor sikrar at skolen informerer aktuelle råd og utval om alt som er viktig for skolemiljøet.
- Rektor sikrar at skolen tar aktuelle råd og utval med i arbeidet med skolemiljøtiltak, og at det skjer så tidleg som mogleg.
- Skolen evaluerer ikkje arbeidet med å informere og involvere aktuelle råd og utvala basert på mellom anna synspunkt frå elevane, foreldra og tilsette.

De har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Stavanger 18.12.2019

Lars Wetteland
tilsynsleiar

Elisabeth Ur Fjørtoft

Lina Bryne Larsen

Vedlegg: Liste over dokumentasjon

- Aktivitetsplaner m.m. (6 stk)
- Barndom i Tysvær
- Bli kjent-samtale
- Elevsamtaler
- FAU møte måndag 30. September kl 17.30
- Foreldremøte 3. klasse
- Forventninger mellom foreldrene og skolen møte med klassekontaktene
- Håndbok for nytilsette TBU
- Innkalling til SU-SMU-FAU møte
- Kartlegging av trivsel og tryggleik tidleg i skoleåret
- Klagesak til Fylkesmannen
- Konsekvenstrapp ved regelbrudd av ulik art
- Kva gjer ein i dei ulike rollane ved skolen vår
- Møtereferat SMU jan 2019
- Når+det+låser+seg+pdf læringsmiljøsenderet
- Ordensreglement for skulane i Tysvær
- Overgang barnehage skole
- Overordna Årsplan for arbeid i elevråd på mellomtrinnet TBU
- Overordna Årsplan for arbeid i elevråd på ungdomstrinnet TBU
- Oversikt aktivitetsplaner 2018-2019
- Oversikt plandagane før skolestart – tilsette august 2019
- Plan for eit trygt og godt skulemiljø
- Plan for eit trygt og godt skulemiljø, revidert juni 2019
- Plan for eit trygt og godt skulemiljø TBU
- Plan for overgang barneskole til ungdomsskole TBU
- PP Nytt regelverk mobbing nynorsk udir
- PP Å snu en klasse ved hjelp av hele systemet Tromsømodellen(2)
- Presentasjon i ny 1. klasse vår 2019
- Presentasjon i ny 8. klasse vår 2019
- Problemløsning + pdf læringsmiljøsenderet
- Pål Roland – kurs for ansatte

- Pål Roland notater frå kursene
- Referat frå elevrådet 5.9.19
- Referat frå møte mellom klassekontakt og kontaktlærer - Fau møte 4 sept 2019
- Referat prd.psyk team 5. sept 2019
- Referat psyk. team 22.8.19
- Referat psyk. team 29.08.19
- Referat psyk. Team veke 37
- Resultat Egenvurderinger ståstedanalysen
- Rutinar for vakt og tilsyn
- Rådsorgan 2018-2019
- Rådsorgan 2019-2020
- Skriftlig plan for tiltak – Aktivitetsplan
- Skule-heim samtale hausten 2018
- Slik gjere me der på Tysværvåg
- Styringsdialogen 2019 referat TBU
- SV Referat frå elevrådet 5.9.19
- Utviklingssamtale på 8. trinn mars 2019
- Varsel om mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
- Velkommen til skolestart
- Årshjul trygt og godt skulemiljø